



Salar Bruk As  
c/o Alsaker Fjordbruk  
5694 ONARHEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/248 - 19/113

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:  
04.01.2019

## Godkjenning av søknad om løyve til bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget 2019-2021

**Administrativt vedtak. Saknr: 02/2019**

### Saksutgreiing:

Vi syner til søknad dagsett 27. 21.2018.

Settefiskanlegget Salar Bruk AS søker om generell dispensasjon frå lokal forskrift om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget. Det t vert søkt om løyve fram til 31.12.2021. Salar Bruk opplyser at dei har installasjonar (leidningar, demningar/overlaup, målestavar m.m.) i vassdraget, og for at desse til ei kvar tid skal vera operative, er ein heilt avhengig av m.a. ulike kontrollfunksjonar. For å utføra denne delen av drifta, er det viktig å kunne nytta båt med motor, for på ein rasjonell måte kunne utføra turvande gjeremål/service m.m.

Det kan også oppstå akutte situasjonar, brekkasjar på installasjonar som er knytt til drifta av anlegget, samt andre nødvendige tiltak med drifta av anlegget som må gjennomførast. For å avbøta og utbetra slike situasjonar, kan det ofte vera trong for raske aksjonar for å nå fram til aktuell stad/tiltak. Bruk av båt med motor til transport av personell, utstyr m.m. for å avgrensa mogelege skader eller utføra planlegde tiltak, vil vera heilt avgjerande. Søklar skriv vidare i søknaden at dei vil tru at ovannemnde tiltak i ei eller anna form, vil vera såpass avgjerande for både den tekniske drifta av anlegget og trygging av viktige arbeidsplassar i kommunen, at det kan gjevast turvande dispensasjon frå forskrifta slik det m.a. vert skissert i forskrift om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget § 5 jf. § 6 særlege grunnar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Dei søker om eit løyve for perioden 01.01.2019-31.12.2021.

### Vurdering:

Forskrift om bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget gjer klare føringar for bruken av motorisert ferdsl med båt i Rylandsvassdraget. I forskrifta si § 5 opnast det for at det kan gjevast løyve til bruk av

motorfartøy etter søknad ved eit bestemt høve eller tidsrom. Dette skal sjåast i samanheng med § 6 i motorferdselslova som opnar for å gje løyve etter søknad.

Salar bruk har tidlegare fått løyve til bruk av motorfartøy Rylandsvassdraget i samband med deira drift. Det siste løyve vart gjeve for to år i 2017 i administrativt vedtak saknr. 26/2017. Løyvet vart m.a. gjeve på vilkår av at det skulle førast logg over tal turar og timar som motorfartøy vart brukt, samt at dette skulle rapporterast til kommunen. I perioden 2017-2018 nytta verksemda open båt med motor totalt 4 gonger på Rylandsvatnet. Dei er utført i samband med kontroll av inntaksleidningsarrangementet og har hatt ein varigheit på mellom ½ time til 1 time. Salar Bruk AS søkjer i om løyve for 3 år, medan dei tidligare har søkt for 1-2 år av gongen.

Salar bruk AS fell ikkje inn under dei unntaka som er fritatt frå forbodet mot bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget. Men administrasjonen meiner at søknaden fell inn under særlege grunnar jf, § 6 i lov om motorferdsel, då det er naudsynte tiltak som drifta av verksemda er avhengig av. Salar Bruk AS sin produksjon er avhengig av vassforsyning i frå Rylandsvatnet. Vidare vil dei installasjonane som dei har i vassdraget vere avhengig av tilsyn, reperasjon og liknande, det er viktig med ein god og effektiv tilkomst.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf. § 7. Etter gjennomgang av artskart, naturbase og den kunnskap administrasjonen har om viktige miljøverdiar i Rylandsvatnet, Har kommunen funne 2 sårbare arter i vatnet og to artar nær vatnet (jf. § 8). Det er registrert to artar med status sårbar på norsk raudliste, sivhøne og Ål. Det er også registrert vannrikse og gulspurv som er i kategoriane sårbar og nær truga på norsk raudliste. Begge er registrert nær vassdraget. Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkelig med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9). Det omsøkte tiltaket vil ikkje bidra til auka belastning i området, då omfanget er lite (jf. § 10). Det har tidlegare vorte tatt få turar i løpet av eit år, og det er lite ferdsl med motorfartøy på Rylandsvatnet som følgje av forbodet.

Naturmangfaldslova §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at løyve til bruk av motorfartøy på Rylandsvatnet ikkje er i konflikt med prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen meiner at løyvet med vilkår som vart gjeve i 2017 har fungert godt. Den lokale forskrifta opnar for at det kan gjevast løyve til meir enn eit år av gongen. Administrasjonen meiner at det vil vere effektivt for både søkjar og kommune å gje løyve til meir enn eit år av gongen, da ferdsla utgjer få turar i året, samstundes som trongen for å kunna nytta båt ikkje endra. Eit løyve for 3 år vil vere ressursparande samstundes som dei interesser som forskrifta skal ivareta, vert tatt ivaretatt. Administrasjonen meiner at det difor bør gjevast løyve til 3 år som omsøkt.

## **Vedtak**

«Meland kommune gjev Salar Bruk AS generell dispensasjon til å nytte motorfartøy i Rylandsvassdraget i samband med kontroll og vedlikehald av deira installasjonar. Løyvet gjeld frå 04.01.2019 til 31.12.2021.

Løyvet vert gjeve på fylgjande vilkår:

1. Det skal ikkje nyttast større motor enn 10 HK og farten på fartøyet må ikkje overstige 5 knop. (1,852 km/t). jf § 4 i: Forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget.
2. Salar Bruk AS skal føre logg over tal turar og timar som motorfartøy vert brukt i

løyingsperioden. Når perioden er slutt skal kopi av loggen sendast Meland kommune.

Vedtaket har heimel i forskrift for bruk av motorfartøy i Rylandsvassdraget § 5, jf. lov om motorferdsel § 6. Bakgrunnen for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering. »

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Mottakere:

Salar Bruk As

c/o Alsaker  
Fjordbruk

5694

ONARHEIM